

Pliktarbeid på problematisk vegsamband

11.11.2013

Kvinnherad kommune si historie, ført i pennen av Tor Bringedal, er også i høgste grad ei historie om vegar og kommunikasjonar. Til dømes vart parsellen frå Helvik i Bringedalsbygda til Steinsletto i Uskedalen bygd med pliktarbeid pålagt alle gardsbruk frå Sunde, Husnes og Bringedalsbygda. Vegen gjekk over fjellpartiet Bergsstigen og det vart arbeidd på vegen i 10 år - frå 1881 til 1891. Den var bilveg til 1939 og er i dag ein fin turveg .

For veganlegget vart det levert detaljerte arbeidslister til heradet påført pålagt og utført arbeid på alle gardane. Kvar arbeidsdag hadde ein verdi på kr. 1,60. Hvis ein mann kunne stilla med ein hest i tillegg vart arbeidsdagen verdsett til det doble.

I boka finn ein ei liste over utført pliktarbeid på dette prosjektet og den inneheld over 60 namn.

Av Ola Matti Mathisen